



Det kongelige Olje- og Energidepartement  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201207188-11/340/TALHALS

Dykkar ref.:  
12/2007

Bergen, 17. januar 2013

## Endringar i energiloven og energiforskriften - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev dagsett 7. desember 2012 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til Olje- og energidepartementet sine forslag til endringar i energiloven og energiforskriften.

Hordaland fylkeskommune ønskjer at fleire av dei potensielle vindkraftprosjekta vert bygde ut og er positiv til ei klargjering av konsesjonsplikta for vindkraft. Ei slik klargjering gjer handsaminga meir føreseieleg og vil kunne vere med å senke barrierana mot utbygging av mindre vindkraftprosjekt. Vidare er Fylkeskommunen positiv til at fleire saker slik vert handsama lokalt og etter plan- og bygningsloven.

Hordaland fylkeskommune ønskjer at energiressursane vert utnytta mest mogleg effektiv og at større delar av varmeressursane kjem i bruk. Vi er difor positive til å innføre ei forhandlingsplikt for fjernvarmekonsesjonærar.

Hordaland fylkeskommune har ingen kommentarar utover det som er nemnd over.

Vennleg helsing

Gudrun Mathisen  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
Rådgjevar